

Uskedalingane vann vegopningsløpet

13.05.2007

Det var totalvinnarar frå Uskedalen på begge sider under vegopningsløpet frå Matre skule til Skavdalssvingen laurdag

Ole Vidar Monsen (som gjekk i klasse 17-34 år) var totalvinnar på herresida medan Catrine Haugland (35-49 år) var det på damesida. Dei gjorde unna den bratte kneika på 8.34 og 10.25.

Totalvinnarane fekk flotte trefigurar laga av Kjell Musland.

300 deltok i løpet.

Alf Berland frå Matre vann klassen over 50 år og viste at han framleis er i slag.